

Helsing til Vestland Arbeiderparti årsmøte 16.3.24

### **Ordstyrar, årsmøte og gjester**

**Eg heiter Gry Ingvild Agjeld og er leiar i Vestland Bondelag.** Vi takker for invitasjonen og eg har gledd meg til å få vera her med dykk i dag. Det er kjekt å lytte til gode taler og gode diskusjonar og få eit innblikk i kva som er viktig for Vestland Arbeidarparti akkurat no. Gratulerer med gjennomslag for viktig infrastruktur for Vestland. Trygge vegar er ein føresetnad for at vi kan leve, bu og drive næring i fylket vårt. Det er nok av naturgitte utfordringar i kampen for å sikre dette. Takk for at de står på for oss som bur i Vestland.

### **Eg er bonde i Stryn på ein bratt Vestlandsgard med flott utsikt utover Nordfjorden.**

På min gard driv vi med planteproduksjon og karbonbinding. Vi dyrkar gras til sauene våre som går i utmarka halve året, resten av året står dei inne i fjøset og et graset vi haustar kring garden. Langvarig engdyrking på humusrik jord bitt karbon, beiting i utmarka held landskapet ope og sørger for albedoeffekt. Dette er ein produksjon som er tilpassa klimaet og landskapet der garden ligg i gjennom mange hundre år. Vi utnytter fotosyntesa til å produsere energi til folk. Det er det landbruket har dreid seg om alltid. Vi nyttar ressursane kring oss til å produsere mat til folk Eg våger påstanden om at vi har eit klimatilpassa landbruk i Noreg, med små og store gardar spreidt over heile landet. Mitt ønskje er at dette skal vi ta vare på og vidareutvikle. Geir Pollestad er ute og seier i dag at det er ikkje alle bønder som driver gard for at det skal lønne seg. Nei, det er dessverre slik at for mange av oss er inntekta er for dårleg, og vi må ha anna arbeid ved sida av.

**Vi har eit samfunnsoppdrag som vi tar på høgste alvor.** Vi vil produsere norsk rein mat av høg kvalitet til den norske forbrukaren. Vi er stolte av det vi får til! Vi har ei klimaavtale med staten som vi arbeidar med kvar dag for å kutte klimautslepp frå landbruket. Vi er stolte av ein ekstremt god dyrevelferd som gjer at vi bruker lite antibiotika og har friske dyr. Vi produserer frukt, bær og grønt av fantastisk kvalitet. Vi er ei næring med profesjonelle næringsdrivande som er svært dyktige og høgt spesialiserte. Tenk på all kunnskapen om matproduksjon som er vi som bønder står for, den lokale kunnskapen om korleis lukkast med dette på kvar enkelt gard. Dette har vi som samfunn ikkje råd til å miste.

**Difor er vi i Bondelaget veldig glad for at Regjeringa no har levert Stortingsmeldinga** med Strategi for auka sjølvforsyning og plan for opptrapping av inntektsmoglegheiter i landbruket.

**Dette er ein ambisiøs plan med gode mål,** som tar inn i seg at vi må ha matproduksjon i heile landet dersom vi skal lukkast med å auke norsk sjølvforsyning av mat. Det er lagt vekt på tollvern, smart arbeidsfordeling med mest mogleg matproduksjon som mål, og bruk av landbruksareal over heile landet.

Målet for inntektsopptrappinga er at no skal bonden endeleg jamstellast med andre grupper. Dette er ekstremt viktig! Vi får ikkje unge folk til å ønskje seg inn i næringa utan å vise til at dei kan få ei inntekt å leve av og eit godt liv med rom til familieliv, ferie og fritid.

Vi klarer ikkje å auke norsk sjølvforsyning utan å sikre bøndene gode inntekts-  
moglegheiter og ei forutsigbar framtid.

I landbruket har vi hatt sterkt fokus på kva som ligger i eit foreslege nytt talgrunnlag for utrekning av bondeinntekta på nivå. Dette kan virke komplisert, men det er nødvendig for å slå fast kva nivå bonden si inntekt ligg på samanlikna med andre grupper, og vi veit at det er eit gap opp til andre. Dette gapet skal no lukkast. Så vi er veldig glad for forslaget regjeringa har lagt fram med Pollestad og Vestre i spissen.

**Det er nokre detaljer i dette som ikkje er bra for oss i landbruket.** Å legge inn ei såkalla inntektsnormering meiner vi er altfor tøft. Slik det er framlagt no blir det satt opp ei kalkyle for inntekt, og så blir det plussa på 20 prosent. Grunngevinga er at ikkje alle henter ut maksimalt av det som er mogleg frå grunnlaget på garden. Dette blir effektivitetsdrivande, og vi er allereie ekstremt effektive i landbruket, og meiner vi har lite ekstra å gå på. Dette er spesielt urettferdig for gardane med ulike driftsulemper som vi har mykje av i Vestland. Vi brukar seie at det er dei tre b-ane som kjenneteikner Vestlandsjordbruket. BRATT, BLAUTT og BALE.

Vi er heller ikkje nøgde med at det såkalte levekårsfordelen er med vidare. Dette er ei påplussing på årsverkstalet med 145 timar. Det er ingen grunnar til å ta med dette frå det gamle systemet med vidare i eit nytt system. Det vil bety at ein tar ned inntekta med nesten 9 prosent. Skal vi få eit godt nytt system som skal stå seg lenge må vi lage noko som er reelt, der bøndene kjenner seg igjen og som gjer at vi kan samalikne med andre grupper. Da må eit årsverk i landbruket vera like mykje verdt som eit årsverk elles i samfunnet.

**No er stortingsmeldinga levert til stortinget** og næringskomiteen skal handsame den. Vi håper at våre innspel blir tatt på alvor og at vi kan få desse justeringane på plass slik at vi forhandlar med nytt talgrunnlag i år. Dette er ekstremt viktig!

Arbeidarpartiet er opptekne av Beredskap. Det er vi i landbruket og. Den globalt usikre situasjonen vi opplever no understreker viktigheita av å styrke totalberedskapen i Noreg. Noko totalberedskapskommisjonen har belyst på ein god måte. I Bondelaget er vi svært einige i at ein løpande norsk matproduksjon er avgjerande viktig for å oppretthalde ein god nok beredskap i det langstrakte landet vårt. Utan sikker matforsyning vi har kontroll på sjølve er vi raskt sjakk matt. Det er og slik at med bønder og næringsmiddelindustri spreiddt over heile landet blir vi mindre sårbare. Verdikjeda for mat er den største fastlandsindustrien vår, berre i Vestland er det tilknytta 5 800 små og store landbruksverksemder, det er 3 800 tilsette i matindustrien, det er 1 400 i skognæringa. Det er ingen tvil om det er viktig å oppretthalde Vestlandslandbruket, og eg er glad for at Marte er så tydeleg på dette i talen sin.

Men vi må også snu ein annan trend, internasjonal forskning viser at trenden i verda er at bonden sin andel av pris i butikk er synkande. Det er på sikt uakseptabelt både for bonde og

forbrukar. Skal vi auka matproduksjonen må vi sikre lønsemda til bonden. For lite av verdiskapinga i verdikjeda for mat hamnar i bonden si lomme. Korleis løyser vi dette? Det viser seg at vi jobber mot sterke krefter i ein marknad som er prega av tre sterke aktører. Her treng vi politisk hjelp. Vi får ikkje innsyn i den komplette verdikjeda for mat grunna konkurransepolitiske omsyn. Eigne merkevarer som vi i landbruksnæringa har advart mot i to tiår no er svært aukande. Dette gir ikkje meir pengar til bonden, eller billigere mat til deg på sikt, det gir meir pengar til eigarane.

Vi må ha tydeleg matmerking. Det er litt flaut at vi ikkje er meir oppteken av konkurransekrafta til norske næringar enn at vi tenkjer det er heilt greitt at det er vanskeleg å velje norsk mat i butikken.

**Krigen i Ukraina raser.** Toårsdagen for åttaket frå Russland vart nyleg markert. Samtidig tar fortvilte og sinte bønder plass i gatene i Europa. Bondedemonstrasjonane er eit uttrykk for feilslått politikk og ein oppgittheit over sviktande lønsemd i landbruket, nye tiltak som fører til nedbygging- og flytting av landbruksproduksjonen ut av Europa. Sterke klimakrav, naturrestaureringslova, veksande avgifter, varer frå Ukraina som overfløymer marknaden er nokre av problema som EU-bøndene lever med. Vi bør merke oss at bonden i Europa ønskjer seg den norske bonden si moglegheit til å påverke myndigheitene gjennom forhandling og dialog.

**I Bondelaget så hegner vi om forhandlingsinstituttet.** Vi har sterk tru på at eit samarbeid mellom næringa og staten gir oss best moglege vilkår for matproduksjon i Noreg. **At vi saman kan sikre eit rammeverk som gir norsk matproduksjonen gode nok konkurransevilkår.** Vi arbeidar for å få til ei god jordbruksavtale som sikrer norsk matproduksjon, verdiskaping, beredskap og busetting i ei tid der inntektsmoglegheita for bonden er usikker. Dette har kanskje aldri vore viktigare.

Kva kan de som politikarar i Vestland elles gjera for å støtte bonden og vera med på å auke sjølvforsyninga, matsikkerheit og styrke beredskapen?

Kjøp norsk mat, spør etter norskprodusert mat, sørg for at vi gjennom offentlege innkjøp støtter lokal matproduksjon. Dette er det mogleg å gjera, no. Skal vi produsere meir norsk mat må den norske forbrukaren spørje etter produkta våre, og du må vite i butikken at det er dette du velgjer. Vi set ikkje krav til produksjonsmåte til importert mat. Då er det KUN pris som gjelder.

I Bondelaget seier vi **KJØP SESONG, ET NORSK OG ET OPP.** Det er det aller, aller viktigaste de kan bidra med.

Godt møte vidare, det er viktige saker de arbeider med, Og eg er glad for at de har eit godt landbruksutval som er opptekne med å ha dialog med oss i faglaga.